

Ola Tweiten, f. 1881 d. 1968, hadde stor interesse for kulturarbeid, soge og tradisjon. Han gjorde opptaket til skrivinga av Hosanger sagelag der han var formann i 32 år. Dette er ein av fleire artiklar han skreiv fra midten av 50åra og utover:

## Handverk i Hosanger

Av Ola Tweiten

Osterøy i Sogn  
Samtid 1986

### KISTER

Dei fleste kister som finst att i bygdi her etter eldre tider er nokso einfelde. Det kan treffa at her finst kister av eikematerial, mykje forseggiørde både med trearbeid og bestlaget. Dese er sers skjeldne og det er truleg at dei er komme utanbygds frå t.d. frå Bergen.

So kan her finnast kister av furematerial, fint og godt arbeide med fint beslag og stasleg måling. Desse kistene er nokso sikkert arbeide i bygdi, av bygdesnekkarar, men då her ikkje er tradisjon om målarar frå bygdi, er det truleg at dei er måtte av målarar som reiste rundt og målte skåp, kister, ølskåler, osb. Mange av desse målarane var flinke og gjorde fint arbeid.

Dei gamle einfelde kistene her finst mest av er av furumaterial. Sider, gavlar, og lok er av heile bord, botnane av to bord. I sidefjølana var grotta inn eit spor, stundom berre ein fals, for gavlane. I loket som var flatt var og grotta eit spor inn for sidefjøler og gavlar. På denne måte vart kista nokso tett. Dei var festa ihop med trenaglar. Hengsli var enkle, men jammaste var det gode lås og stundom staslege børillar.

Det var i tidi kring 1865 at ein tiltaksammann her frå Hosanger tok til med å arbeida kister for salt til Bergen. Det var John Larsen Børaneset - 1825-1913. Han lærde smedhandverk i Bergen og då han var utlært reiste han heimatt til Hosanger og gifte seg og bygde seg hus med smia på Mjøs, tett nedbrui over Holmselvi. Han skreiv seg sidan for Mjøs, men vart alle dagar kalla «han Jo med brunæ». Heilt sikkert når han tok til med dette arbeidet veit ein ikkje, han byrja nokso smått heime i huset sitt. Men det syntre seg snart at der vart avsetnad på kistene og det vart for smått i heimehusi. So fekk han eigna til seg eit naust lenger inne ved Mjøsvågen. Dette naustet bygde han til eit like stort rom på lengdi og ei heilhøgd oppå, og fekk der bra rom til materialhøde, og oppে fekk han to rom, eit til snikkarverkstad og eit til beslag og måling. Nest med ein gong fann han fram til mål og arbeidsmåtar som utan noko større bridle vart nytta seinare både av han og av dei andre som tok til med dette arbeidet.

Dei minste kistene var 30" lange og ei aln og seks", som var den vanlege nemningi. Breiddi var helvti av lengdi og høgdi på dei minste var 11". So var det ei aln og åtta, ei aln og ti, ei aln og tolv. Breiddi var alltid helvti av lengdi og ein tomme høgare for kvar storleik. Dette er dei vanlege måli. I ei kista er «trøysk», (d.e. gavlar og sider), og so botn og lok. Inne i kista i eine enden er «ledik», ein liten kasse 4x5". Den er jamhøg med øvste kanten på kista og loket gjeng inni sidefjølna med ein tapp i bakkanten. For lediken erstendinni sidefjølna. Gavlane skulde helst vera av heil ved, sidene kunde vera limde, botnane var av to bord som var plogde ihop. Loket var av to bord, dei største kistene av tre bord, og dei var limde ihop noko på skrå og det kom an på denne skreddi om det vart fin runding på loket. Materialane var alltid fura, den måtte vera turr og helst med lite kvist og måtte ikkje vera blå. Til trøysk vart nytta 3/4" material, til botn kunne den vera litt tunnare, til lok måtte det vera 1" og 3/8" til ledik.

Sjølve arbeidet gjekk føre seg soleis:

Fyrst var det «å laga til». Det var å kappa matrialen, høveleg med lengd og breidd for kvar storleik, merkja ihop og lima det som skulle limast, og setja matrialen tilrette for dei som skulle arbeida kister. Jammast tok dei eit parti i arbeide om gongen, 6 stk. var det vanlege.

Det første som då vart gjort var å høvla all matrial til partiet med undantak av lok. Deretter vart dei kantstrøkne og gjort høveleg breide, botnane vart plogde i hop. So vart dei skorne i vinkel og rett lengde, gavlane vart merkt med innvendige mål og det var skore sinklar i dei og stend ut mellom sinklane. Gavlane vart sett ned på sidefjølana og det vart merkt av på desse for sinklane, skore og stemd ut for del. Det vart so stemd ut sporet for lediken og bort hol for tappane på ledikåket. Før kista vart sett ihop vart det sett ei kjæling «ein plastaf» innvendig på øvste kanten av sider og gavlar. Ei sovorri kjæling vart seinare sett på kanten av botnen som gjekk litt utover trøysken, på fram- og bakkanten av loket og på okane i loket. Likeeins på framkanten av ledikåket. Kista var no ferdig til å setja ihop. For å hjelpa til at ho skulle halda godt ihop vart det sett kliari i sinklane, so dei vart trange og det vart sett i ein og annan spikar til hjelp. Deretter vart ho pusshøvla utvendig og børillane vert sett ei, botnane vart spikra under, skorne til med høveleg kant utover, og kjælte med platstaf på kantne som gjekk utover. Sjølve kista var då ferdig og so vart det loket. Det vart merkt på kista og gjort passelen på breiddi. Innvendig vart det hogge ut for rundingene. Det vart lagd på golvet og høgdi til med skarvøks. Både ved hoggingi og etterpå når det vart høvla inni, måtte ein versers varsam for å få fin runding på loket. Når det var ferdig høvla og pussa inni og utanpå vart det sett på ein øke i kvar ende. Denne øken måtte passast nøyde etter rundingene og det gjekk litt ned på gavlane. Kista var no ferdig frå benken.

Sjømannskistene hadde ei nokon form. Det var arbeidde etter same mål som vanlege kister og hadde ledik. Men loket var flatt og trøysken var skrå, den var omlag 2", smalare og kortare opp ene nede. Beslaget var det same som på vanleg kister, men dei var alltid målte grøna.

Ei nokon form hadde kufferthane som det var arbeidt mykje av. Dei var arbeidde etter same måli og ein kan seiha på same måte som vanlege kister. Skilnaden var at loket vart fyrst fest på ei ramma, omlag 4" breid, og denne ramma gikk ned på trøysken med ein fals. Låsi var nokso onoreis en på kister, men elles var beslaget likt. Desse kufferthane var mest alltid måla med ein mørkegrå farge, dei var flamma i kobbeskinnsfarge.

Ein stor artikkel var skrin. Dei var ikkje sinka men spikra ihop, dei hadde rundt lok og beslaget var same slag som på kistene. Dei var skjeldan flamma og ikkje rosemåla, men målte med mørkeraud linjemaling.

#### Arbeidsveldor til trearbeidet var:

Rubank, pusshøvel, sleithøvel, skrubbhøvel, rundhøvel til loki, sikling, plog til botnane og plastraf til kjælingane. Øks, skarvøks, hammar, stiksag og ei mindre sag, to stemmejarn, knippel, vanleg vinkel, forgjæringsvinkel, skråvinkel til sjømannskister, ein liten sentrumsbor og elles kunne det verta brukt eit og anna små-verkty.

Beslaget på kista var lás, hengsler, børillar og hynnebånd. Det var einfeld men solid, lási var sterke om dei ikkje var so vanskeleg å dirka opp. Kvar verkstad hadde ei smia og ein mann som arbeidde beslagj. Det var jamast dei same som sette beslaget på kistene og som målte dei. Målinga var vel det vanskelegaste av alt arbeid med kistene. At ei kiste var fint målt og fint rosemålt var det som stakk mest i augo og som sette spissen på. Det var fyrt å smyrrja på dei tunt limvatn med litt farge - Erde - i, etterpå vart dei grunna med linjemåling, fargen då var Oker, og so kitta om det var turvande. Siste stroket var mørkeraud på gavlar og balsida, det var Erde eller Engelsk raudt. Og på lok og framsida var det mynjemåling, chograud, som var undergrunn for skunning eller flamming som dei kalla det. Til denne flamminga var brukta Kasselbrunt som var rerd ut i surmjølk. Den var smurd på med vanleg målarkost og sjølve monstret var gjort med svamp. Når flammingi var godt turr fekk lok og framsida eit strøk med lakk. I fyrstning og lengre frametter nyttar dei vanleg målarolje til dette og for å få ho so god som mogeleg til dette bruket, kokte dei ho opp sjølve.

Det siste arbeidet var rosemålingi på lok og framsida, og attåt roser skulde der stå årstal på framsida t.d. «Anno 1880». Rosemålingi var stort sett etter same mønster hjå alle som arbeidde kister. Men det var likevel mykje skilnad på at ikkje alle fekk dette arbeidet like fint. Skal ein nemna noko sers frå dei seinare år der vart arbeidd kister, er det Lars L. Mjøs. Han hadde fint auga

for fargar og sjølv om dette var eit rutinearbeid gjorde han alltid fint arbeid, so det var lett å sjå når det var han som hadde rosemålt.

Var det kister som var tinga sers «heimekister», var dei alltid betre ifråseg-gjorde, finare material, betre beslag, mest alltid føter under dei. Dei var jam-nast mindre rosemålte, men mest alltid med namn og årstal.

Då det syntes seg at John Mjøs gjorde det godt med kistearbeidet, vart det smart fleire som tok til, og det vart lengre 5 verkstader ved Mjøsvågen der dei arbeidde kister. Men heile tidi var det John Mjøs og seinare personen hans, Lars A. Mjøs, som hadde den største verksemsei. Når det ikkje vart endå fleire verkstader der, var vel grunnen at derskulde god plass til og meir kapital enn det var lett for vanlege folk å skaffa og våga.

Mest alle kistene vart selde til Bergen. Det vart selde til bygdene ikring Bergen, bondehandlara og som mest alltid hadde handelsbuene sine i kjellarar etter Strandgata, som omsette dei. Dei vart selde til bygdene ikring Bergen, særlig gjeikk det mykje av dei til dei ytre bygder. Det vart og gjort freistnad med å selja kister til Stavanger, men det gjeikk ikkje.

Det vart brukta mykje materiål for året til dette arbeidet. Mykje vart kjøpt her i Hosanger, men ilang tider kom det meste frå Evanger, eller som dei sa or Vossaælv. Dei kjøpte han der i kubbar som dei fløta ut gjennom Oster-fjorden til sagbruk. Ei kort tid var der sagbruk i Klepsvågen, men denne vart nedlagt og sidan vart mest alt skore i Klepsvågen, på sagbruket der. Matraien måtte skjerast om våren, og so snart den var skären vart bordi bundne iflote og ghanka ut i Mjøsvågen og sett i stapel til tank. Han måtte liggja i stapel til han var inntur og vart so lagd inn og var ferdig til bruk.

Trearbeidet og smedarbeidet var alltid akkordarbeid. For å arbeida ei kiste når matraien var tillaga lind og sett til rettes var betalingikr. 1.20 for styk-ke. For kuffertar var betalinga kr. 1.50 og for skrin 50 øre for stykke. Det vare ei vanleg godt dagsarbeid å arbeida to kister for dagen, men det kunne ikkje klarast på ti timars dag. Ein måtte skøyta på arbeidsdagen både ein og to timer om dei skulle klara det. For smedarbeidet var betalinga 60 øre for beslag til ei kista. Skulle det vera ei lita dagløn måtte dei sjå sameleis på arbeidstidi som dei som arbeidde trearbeidet.

Kring århundradskiftet minka det med avsetnaden på kister, og der var flere av verkstadene som tok til å arbeida etasjekuffertar. Inokre år vart det arbeidet ikkje so lite av desse. Men det skulde mange hjelpemidlar til, skulle arbeidet drivast rasjonelt. Det var vanskeleg å tevla med spesialfabrikkane, og etterkvart vart det slutt med dette arbeidet og. Kring 1915 vart det heilt slutt med alt kistearbeid ved Mjøsvågen.

I dei omlag 50 ári dette kistearbeidet vart drevi, hadde det stor økonomisk betydning for grendi. I lang tid var det omlag 20 mann i arbeid med det. Dei fleste av desse var småbrukarane, som måtte ha attåtinnkomma for å greia seg, og dette arbeidet høvde godt å ha attåt ein sovoren liten gard. At dei kunne

bu heima, jamna ut det at betalinga var lit. Og verkstadeigarane lagde seg best mogeleg med arbeidarane, so dei kunne vera med på gardane i omnene. Det såg ut for at det var ein skipnad som var tenleg og som dei var nøgde med bæ partar.

Bei feste av kisteverkstadane står enno ved Mjøsvågen. Some står tote, some ertekne i bruk til andre føremål. Det erno berre eldrefolksomstundom kjem ihug den tidi her var fullt arbeid på desse verkstadane, og kor stor skinhad her er på tilhøvi den tidi og notidi.

# Vesle-Kari ventar på julekvelden

— av Maria Rossland —

«Kvifor er dagen så lang framfor jul?»  
vil Vesle-Kari få vita.  
«Og kvi dalar englane ned i eit skjul?»  
Det skyndar 'kje ho som er litt.

Men mor har det annsamt. Du spør og du spør så eg veit ikkje kva eg skal seja.

Sa gai du og reinet Ifa dørf til dørf  
Du må setja deg ned litt, og teia.

Og Vesle-Kari ho finn seg ein stol  
Så set ho seg ned attmed varmen.  
Ho grundar på kva ho skal få til jo  
Dokka ligg trufast i armen.